



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Stine Waage, Monica Thomassen Waage, Hilde Koppen og Stein Hugo Fykse.

Kommunal representant: Gidske Borge Kolltveit.

Frå kyrkjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 11/25 – 15/25

F 11/25	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 13.03.2025
Vedlegg	Møteboka frå 13.03.25 Innkallinga til møtet 13.05.2025
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 12/25	ORIENTERINGAR
	Evvy vil ha med nokon på dugnad for rydding i kyrkja. Det vil og bli annonsert på Facebook. Det skal ryddast ut i kjellaren. Her skal det sjekkast om materialen som ligg der kan brennast. Det skal og ryddast på galleriet og bakrommet oppe.

F 13/25	TILSTANDSRAPPORT FOR KYRKJA
Vedlegg: Tilstandsrapport	<u>Bakgrunn:</u> Vi har ein grundig tilstandsrapport som har blitt presentert for soknerådet tidlegare. Ein av tinga som er vedtatt er at vi bruker basarpengar på varmepumper. Her innhentar Jostein Hauge 3 anbod frå leverandørar av varmepumper. Det må og søkjast til bispedøme om endring i kyrkjerommet. Det er andre utbetringar som må gjerast i følgje rapporten. Her vil Tone Sævi og Jostein Hauge lage ei liste over prioriteringar. <u>Drøfting:</u>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	Skal AU kunne behandle anbod av varmepumper og prosessen vidare angåande punkter i tilstandsrapporten? <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>AU kan behandle framdrifta til dei forskjellige punkta i tilstandsrapporten og orientere om framdrifta i soknerådet.</i>
Vedtak:	AU kan behandle framdrifta til dei forskjellige punkta i tilstandsrapporten og orientere om framdrifta i soknerådet. Av «Amerikagåva» har soknet betalt to faktura til Ingeniør Aarland AS, pålydende kr. 46.260,- og kr. 12.059,95. Restbeløp til disposisjon er kr. 41.680,05.

F 14/25	PRIORITERINGSLISTE BRANN
	<u>Bakgrunn:</u> Det er mange ting av verdi i kyrkja. Ved brann må ein ta raske avgjeringar og prioriteringar. Soknerådet bør lage ein liste til brannvesenet om kva som skal reddast først og kor det ligg. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Soknerådet har kome med innspel til prioritering, og AU ferdigstiller lista.</i>
Vedtak:	AU tar initiativ til ein inventarliste, og i neste omgang ein prioriteringsliste. Ein kan finne veiledning til arbeidet hos KA. Fedje brannvesen må få ein prioriteringliste, med bilder.

F 15/25	EVENTUELT
	Sekretær kom med ønskje om ein avklaring på den årlige konfirmantfesten, på bakgrunn av det økonomiske aspekt, samt at festen er lagt til den mest travle veka før konfirmasjonsdagen, noko som er ugunstig både for familie og stab i kyrkja.
Vedtak:	Konfirmantfesten utgår. Soknet bidrar heller meir inn mot samtalegudstenesten.



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Stine Waage, Monica Thomassen Waage, Hilde Koppen og Stein Hugo Fykse.

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 11/2025 – S 16/2025

S 11/25	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 13.03.2025
Vedlegg:	Møteboka frå 13.03.25 Innkallinga til møtet 13.05.2025
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 12/25	GUDSTENESTEPLAN
	Prost Helge Taranrød går gjennom gudstenesteplanen saman med oss for å diskutere kva typar gudstenester vi skal ha og kor mange. Skal me t.d. ha utegudstenester på terrassen på sjukeheimen, i Fyrsundet eller andre plassar?
Vedtak:	Ingen vedtak. Sagt i møtet: • viktig å invitere inn kyrkjelyden, t.d. invitere kulturskulen • utegudsteneste, t.d. på terrassen til sjukeheimen • gudsteneste første søndag etter nyttår kl. 12.30 – juletefest • kyrkjeverge lager sak om gudstenesteliv, der me ser på kva drakt me har på dei forskjellige gudstenestane gjennom året

S 13/25	ORIENTERINGAR:
	Invitasjon til «Skikk og bruk i Guds hus» med Stein Hugo Fykse tysdag 03. juni kl. 18.00

S 14/25	OPEN KYRKJE
	<u>Bakgrunn:</u>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	Kvar sommar er det open kyrkje på Fedje. Dette vil me fortsetje med. Det må lagast ei liste over kven som har ansvar for opplåsing og låsing av kyrkja. Soknerådet drøftar dette i møtet.
Vedtak:	Veke 26 Stine, veke 27 Hilde, veke 28 Tone, veke 29 Odd-Arild, veke 30 Frøydis, veke 31 Gidske og veke 31 Monica.

S 15/25	ARRANGEMENTGRUPPE
	<u>Bakgrunn:</u> Det er eit ynskje om faste arrangement i kyrkja t.d ein gong i halvåret. Det kan vere forskjellige temakvelder, salmekvelder eller anna. Eit forslag er å ha Jakob Sande kveld. For at dette skal vere eit arbeid som går kontinuerleg så må ei gruppe arbeide med dette. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Medlemmer frå soknerådet melder seg til planleggingsgruppa</i>
Vedtak:	Hilde, Monica, Stine og Martin meldte seg til planleggingsgruppa. Lyder må og blir inkludert og informert om arbeidet til gruppa.